

## **Forskrift om frist for spreining av gjødsel av organisk opphav i Leikanger kommune, Sogn og Fjordane**

Vedteke av Leikanger kommunestyre 15.april 2010 med heimel i forskrift av 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer av organisk opphav, § 23. tredje ledd.

### §1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å fastsetje frist for spreining av husdyrgjødsel på grasmark utan nedmolding.

### §2. Verkeområde

Forskrifta gjeld i heile Leikanger kommune.

### §3. Spreietidspunkt

Siste dato for spreining av husdyrgjødsel utan nedmolding er 30. september.

### §4. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.